

Årsrapport 2019

112. forretningsår.



**Hjelmeland
Sparebank**

Innhold

- 3 Nøkkeltal, forretningsidé og samandrag
- 4 Årsmelding
- 17 Resultatrekneskapet
- 18 Balansen
- 20 Kontantstraumanalyse
- 20 Noter
- 39 Revisor si melding

Nøkkeltal

	2019	2018	2017	2016
Nøkkeltal i %:				
Netto renteinntekter	1,43 %	1,46 %	1,49 %	1,50 %
Netto andre driftsinntekter	0,55 %	0,58 %	0,59 %	0,67 %
Driftskostnader	1,09 %	1,05 %	1,04 %	1,02 %
Vinst/tap på valuta og verdipapir	0,01 %	0,02 %	0,02 %	0,02 %
Resultat før skatt	0,90 %	1,05 %	1,02 %	1,01 %
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	8,48 %	11,86 %	10,40 %	10,40 %
Eigenkapitalrentabilitet e/skatt	6,64 %	8,00 %	8,00 %	8,30 %
Kostnader i % av inntekter	55,20 %	52,30 %	50,70 %	47,90 %
Rein kjernekapital	18,87 %	17,99 %	17,50 %	17,20 %
Kjernekapital	21,07 %	21,03 %	20,20 %	19,30 %
Kapitaldekning	22,96 %	21,03 %	20,20 %	19,30 %
Innskotsvekst	6,80 %	1,70 %	-1,20 %	15,30 %
Utlånsvekst	6,80 %	-0,30 %	3,40 %	14,80 %
Utlånsvekst inkl. Eika Boligkreditt	6,00 %	0,60 %	3,70 %	9,60 %
Innskotsdekning	71,10 %	71,10 %	69,70 %	72,90 %

Vår visjon

Alltid tett på

Forretningsidé

Hjelmeland Sparebank skal vera ei viktig kjelde til vokster og trivsel i Ryfylke og vera det naturlege valet for finansielle tenester innan banken sitt virkeområde.

Hjelmeland Sparebank har hovudkontor og forretningsadresse i Hjelmeland kommune og har i tillegg eit rådgjevingskontor på Jørpeland i Strand kommune, ein kontordag i Finnøy kommune og 3 kontordagar i Suldal kommune.

Hjelmeland Sparebank skal som sjølvstendig og frittståande finansinstitusjon vera totalleverandør av produkt og tenester av høg kvalitet innan utlån, innskot, betalingsformidling, fondsforvaltning, forsikring og eigedomsmekling. Målgruppene er personkundar, næringsliv og offentleg sektor.

Primærkommunane er Hjelmeland, Forsand, Strand, Finnøy, Suldal og Sauda
Hjelmeland Sparebank skal først stå fram som Hjelmeland Sparebank, men i tillegg profilere seg som

r y f y l k e b a n k e n

2019 - Samandrag

Stabil rentenetto – god soliditet og rating.

Auka aktivitet mot kundane.

- ❖ Resultat før skatt på 27,8 mill. kroner.
- ❖ Banken har tilfredstillande likviditet, og har hatt god tilgang til kapital. DNB Markets har gitt oss rating BBB+.
- ❖ Vekst på innskot og utlån utover budsjett.
- ❖ Kapitaldekninga er god. Dette gir banken høve til å bidra til vekst og utvikling i vårt område.

Årsmelding for året 2019

Norsk Økonomi

Hovudbiletet er at det framleis går relativt godt i norsk økonomi gjennom 2019, og følgjer den auken i konjunktoren som har halde fram dei siste tre åra. Fastlands-BNP har vakse raskare enn trenda gjennom heile 2019, og ligg an til ein årleg vekst på 2,6 prosent. Vekst i sysselsettinga auka gjennom både 2018 og inn i 2019, sjølv om utviklinga har avteke noko mot slutten av 2019. I Fastlands-Noreg auka sysselsettinga med 32500 personar frå fjerde kvartal 2018 til tredje kvartal 2019, tilsvarande ein vekst på 1,7 prosent. Arbeidsløysa (AKU) ser ut til å ha flata ut på 3,6 prosent, medan NAV-registrerte tal for heilt ledige er 2,2 prosent av arbeidsføre.

Olje- og gassinvesteringane var venta å auke med 14 prosent i 2019, og er ein sterk drivar til vekst. Til trass for fallande verdshandel, har norsk eksport halde seg godt gjennom 2019. Eksporten av fisk har auka mykje, og er ved utgangen av 2019 på eit rekordhøgt nivå. Vidare utsikter i vekst i norsk økonomi er noko dempa. Indikatorar peiker mot lågare vekst i investeringar, produksjon og eksport framover.

Hushaldningane sitt forbruk har hatt relativ svak vekst gjennom 2019, og er med ein vekst på 1,6 prosent klart svakare enn aktivitetsveksten i fastlandsøkonomien elles. Ifølge Finans Norge sitt forventningsbarometer er hushaldningane sine framtidsutsikter noko lågare, primært grunna lågare tru på landet sin økonomi. Hushaldningane sin sparelyst er aukande, og forventningane til eigen økonomi er noko styrkt. Dette kan henge saman med Norges Bank sitt varsel om ei flat utvikling i styringsrenta framover etter at denne blei heva til 1,5 prosent i september.

Etter mange år med sterk vekst i bustadprisane har vi sidan 2017 sett ein moderat og stabil vekst i bustadmarknaden. Ved slutten av året var veksten dei tolv siste månadane i snitt 2,5 prosent, noko som er svakt over konsumprisveksten. Aktiviteten i bustadmarknaden er framleis svært høg. Samla sett indikerer dette ein relativt stabilt og balansert bustadmarknad.

Norske myndigheiter har følgd opp dei siste par åra si utvikling med ein noko mindre ekspansiv finanspolitikk. Etter fleire år med sterk vekst i bruk av oljepengar over statsbudsjettet, er det rett å møte utfordringane i norsk økonomi og dei statsfinansielle utfordringane som ligg føre oss, med ein fastare pengepolitikk. I 2019 blei det strukturelle

oljekorrigerte budsjettunderskotet rekna til 7,8 prosent, og med eit budsjett for 2020 som blir rekna å vera svakt innstramande.

Lokalsamfunnet

Bygging av Ryfast (tunnel under sjøen mellom Strand og Stavanger) starta i 2013, vart opna 30.12.2019. Ryfast meiner me vil kunne få innverknad på vårt primærområde, både når det gjeld bustadbygging og næringsetablering, særleg i Strand Kommune. Dette er me ein del av og som bank tar del i. Vårt eige selskap Ryfylke Eiendomsmeistring såg eit auke i sal av bustader i 2019.

Me trur det er viktig at me evnar å utvikla oss økonomisk og fagleg slik at me kan vera ein positiv og nyttig bidragsytar i denne fasen. Saman med våre tilsette, samarbeidspartnarar og god oppslutnad frå våre lokalsamfunn skal me medverka til eit lokalsamfunn i framgang og utvikling.

Eigedom-, byggje- og anleggsektoren

Eigedom-, byggje- og anleggssektoren representerer banken sin største konsentrasjon mot ein bransje, og utgjer om lag 10 % av banken sine totale utlån.

Oljesektoren bidreg sterkt til sysselsetting både direkte og indirekte. Varierende oljepris, tiltak for å effektivisera og redusert etterspurnad frå leverandørindustrien påverkar også vårt marknadsområde. Usikkerheit påverkar etterspørselen i bustadmarknaden, og aktivitet innan byggje- og entreprenørbransjen. Sjølv om Rogaland er sterkt påverka av konjunktur, har banken halde ved like si vekst innan bransjen.

Havbruksnæringa

Fiskeoppdrett og fiskeforedling med tilknytt verksemdar representerer den største private arbeidsplassen i lokalmiljøet. Mowi har alle laksekonsesjonane for oppdrett i sjø. Mowi har 55 konsesjonar i regionen. All fisk i regionen blir slakta på Ryfisk. Mowi ønskjer å vekse i Noreg, og har vore tydelege på at denne veksten må vera berekraftig. Gledeleg er at opprusting av industrianlegget er gjennomført og fungerer i høve til intensjonane og saman med leveranse av prosessbåt utgjer dette eit godt fundament for auka aktivitet og trygge arbeidsplassar.

I Tytlandsvik er bygging av et stort postsmoltanlegg på plass, og ytterlegare eit er under planlegging i Årdal. Dette er store investeringar og viktige arbeidsplassar for samfunnet vårt. Tytlandsvik Akva har konsesjonar for oppdrett på land.

Jordbruket

Jordbruket er viktig for busetjing i vårt område. Mange bruk i Ryfylke er deltidsbruk, men det sikrar at areal og kunnskap blir halde ved like. Også i år har det vore fleire generasjonsskifte på bruk i vår region, og det er bra med tanke på framtida i Ryfylke.

Produksjon av mjølk er bærebjelken for mange heiltidsbruk. I 2019 har det vore overproduksjon spesielt når det gjeld gris og sau, med lågare lønsemd som resultat. Innanfor tomatproduksjonen så blir det stadig strengare miljøkrav som ein må ta omsyn til.

Pelsdyrproduksjon i Noreg er nå vedteke nedlagt. Det er ikkje avklart kva kompensasjon produsentane kjem til å få.

Det blir satsa vidare på frukt i storskala og då særleg i Hjelmeland.

Reiselivet i Ryfylke

Reiselivet i Ryfylke blomstrar og sesongen 2019 har hatt ein høg vekst både i verdiskaping og gjestedøgn. Preikestolen er eit internasjonalt ikon med gjester frå heile verda, og hjelper oss å marknadsføra vår region.

Naturen er den viktigaste kjelda vår, men opplevingar i området, som lokal historie, fjord sightseeing, guiding og lokal mat er i stor vekst. Ein må også nemna hyttegjestane som er svært flinke til å bruka våre attraksjonar og handelsstand i kvar kommune. Nye satstingar, slik som eit flunkande nytt badeanlegg i Suldal aukar attraktiviteten i regionen. Svært trist

å missa Spa Hotell Velvære, ein viktig aktør for overnatting for gjestene våre og me håpar det vil bli ei ny løysing.

Nasjonal Turistveg Ryfylke er ei merkevare, og våre lokale aktørar er flinke å tilby opplevingar langs vegen. Me gler oss til 2020 som vil verta eit spennande år med opning av Ryfylketunnelen, og ein har allereie merka stor pågang til turområda, attraksjonar og handel i Ryfylke frå Stavanger og Jæren området.

Kommunikasjon

Det har i dei seinare år vore fleire offentlege satsingar innan kommunikasjon i vårt primærområde. Sandsfjord bru, Svtunnellen, Ryfast og hydrogenferjer på Hjelmeland i forbindelse med Riksveg 13, er av dei større prosjekta som er fullført eller nærmar seg fullført. For næringane i vårt område vil ein betre og meir effektiv kommunikasjon ha stor påverknad.

Merkevara Ryfylke - Ryfylkealliansen

Ryfylkealliansen er ei foreining som gjennom langsiktig merkevarebygging skal fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke. Alliansen dekker dei seks kommunane som er i banken sitt nedslagsområde, Hjelmeland, Forsand, Strand, Finnøy, Suldal og Sauda.

Hjelmeland Sparebank har i fleire år gitt alle kontantpremiar, til ungdomskulane, Strand og Sauda Vgs i høve Ryfylke Quiz'en. Denne Quiz'en handlar om kunnskap om Ryfylke.

Merkevara Ryfylke og Ryfylkealliansen skal stimulera heile regionen til å hausta meirverdi og fordelar av dette fellesskapet. Hjelmeland Sparebank var vinnar av Merkevareprisen Ryfylke 2015.

Juryen sa mellom anna dette om oss: *Hjelmeland Sparebank er blant medlemene i Ryfylkealliansen som oftast brukar namnet «Ryfylke» i sin kommunikasjon. Verksemda er tufta på solide tradisjonar og verdiar i Ryfylke. Banken var blant stiftarane av Ryfylkealliansen i 2008, og har engasjert seg i fellesskapen frå første dag. Dei tilsette i bedrifta har år for år blitt stadig meir bevisste på å bruka logoen for Ryfylke i sin kvardag. Nå er det ingen tvil om at denne arbeidsgjengen kjem frå Ryfylke.*



Bankdrifta

Generelt

Når næringslivet går relativt godt og det er tilnærma full sysselsetting, ligg det til rette for at bankdrifta også kan bli bra.

Den underliggande drifta blir vurdert som god og me arbeider med å ha ei rasjonell drift. Banken etterlever og reviderer årleg rutinar for styring og kontroll, og alle naudsynte dokument er etablerte.

Kostnad med funding, hybridkapital og konkurransen på rentenivå, både på innskot og utlån er framleis slik at banken har ein låg rentenetto.

Tapsengasjement

Det er gjennom året halde fokus på tapsutsette og misleghaldne engasjement.

Volum på misleghaldne engasjement over 90 dagar er ved utgangen av året på 19,8 mill. kroner, som er høgare enn tidlegare år.

Organisering

Banken har ei leiargruppe som omfattar banksjef, leiar kundemarknad og leiar intern. Banksjef har overordna ansvar for drifta. Leiar kundemarknad har ansvar for all kredittgjeving og tilhøyrande risiko innan sine område. Leiar intern har ansvar for etterleving av regelverket og operasjonell risiko, medan banksjef har ansvar for marknads- og likviditetsrisiko.

Kompetansefremjande tiltak

For å kunna yta fullgod økonomisk rådgjeving er det vesentleg at rådgjevarane har god produktkompetanse og kompetanse om kva ansvar som kviler på den enkelte ved økonomisk rådgjeving. Rådgjevarane har også i 2019 gjennomført oppdateringsprøver iht gjeldande regelverk.

Banken sine tilsette deltek gjennom heile året på ulike kurs for å halde seg oppdaterte på fagområda i banken.

Eika Alliansen.

Hjelmeland Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av 68 lokalbankar, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Eika Alliansen har ein samla forvaltningskapital på over 440 milliardar kroner, nær ein million kundar og meir enn 3000 tilsette. Dette gjer Eika Alliansen til ein av de største aktørane i den norske bankmarknaden. Med 200 bankkontor i 148 kommunar representerer lokalbankane i Eika ein viktig aktør i norsk finansnæring og bidreg til verdiskaping i næringslivet og mange arbeidsplassar i norske lokalsamfunn.

I januar 2018 sa 11 banker opp sine avtalar med Eika Gruppen og dotterselskapa. Avtalene blir avslutta når dei respektive oppseiingsfristane går ut, dei fleste med tre kalenderårs frist gjeldande frå 31.12.2018. Dei i dag 10 bankane som går ut (etter fusjon av Harstad Sparebank og Lofoten Sparebank) er: Askim og Spydeberg Sparebank, Aasen Sparebank, Drangedal Sparebank, Klæbu Sparebank, Sparebanken 68 grader nord, Selbu Sparebank, Sparebanken DIN, Stadsbygd Sparebank, Tolga-Os Sparebank og Ørland Sparebank. I tillegg har Ofoten Sparebank gått ut av alliansen, etter samanslåing med Harstad Sparebank.

Lokalbanken ved di side

Lokalbankane bidreg til økonomisk vekst og trygghet for privatkundar og lokalt næringsliv i sine lokalsamfunn. Fysisk nærleik og rådgjevarar som har eit personleg engasjement for den enkelte personkunden og det lokale næringslivet, gir unike kundeopplevingar saman med den digitale kvardagsbanken. Det er kundeopplevinga som er lokalbanken sitt viktigaste konkurransefortrinn og som har gjort at lokalbankane i Eika Alliansen har blant landets mest tilfredse kundar både i personmarknaden og bedriftsmarknaden.

Eika Gruppen styrker lokalbanken

Eika Gruppen utgjør finanskonsernet i Eika Alliansen. Konsernet si kjerneverksemd er god og kostnadseffektiv produkt- og tenesteleveranse til lokalbankane for moderne og effektiv bankdrift.

Konkret inneheld det leveranse av komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT og betaling. Eika Gruppen har et profesjonalsert prosjekt- og utviklingsmiljø som sikrar integrerte plattformuavhengige, digitale løysningar for lokalbankane og kundane til desse. Eika Gruppen har også solide kompetansmiljø som vurderer og avtaler viktige leveransar til bankane frå eksterne leverandører der disse vert valde.

Produktselskapa i Eika Gruppen - Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring - leverer eit bredt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysningar og kompetanseløftande tenester. Eika Kundesenter og Eika Servicesenter leverer tenester som sikrar lokalbankane effektiv kommunikasjon og auka tilgjengelegheit. Utover desse leveransane gir Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling med Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika ViS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depotservice. I tillegg arbeider Eika

Gruppen innafor områder som kommunikasjon, marknad og merkevare og næringspolitikk for å ivareta lokalbankenes interesser på disse områda.

Eika Boligkreditt sikrar lokalbanken langsiktig funding

Eika Boligkreditt er lokalbankes kredittføretak som er eid av 66 norske lokalbanker og OBOS. Eika Boligkreditt har som hovudformål å sikre lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig funding. Selskapet har konsesjon som kredittføretak og finansierer si utlånsverksemd ved utferding av internasjonalt rata obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Det inneber at Eika Boligkreditt har moglegheit til å oppta lån i det norske og internasjonale finansmarknaden, og til ei kvar tid søka finansiering der til marknadens beste vilkår. Gjennom Eika Boligkreditt får alliansebankane dermed tilgang på svært gunstig finansiering, og kan oppretthalde konkurransekrafta i høve til større norske og internasjonale banker.

Eika Boligkreditt har ein forvaltningskapital på drygt 100 milliardar kroner og er følgeleg ein viktig bidragsyter til at kundane i lokalbankane oppnår konkurransedyktige vilkår på sine bustadlån.

Marknadsretta tiltak/sal av produkt

Kunderådgjevarane har i 2019, som før vore ute i marknaden på besøk hos eksisterande kundar.

Banken har framleis størst vekst i Strand kommune. Samtidig ser me auke i interessa for banken i andre kommunane også. Fast kontordag på Finnøy og i Suldal har kundane der vore tilfredse med. Suldal er i 2019 utvida til 3 kontordagar i veka. Meklarkontoret kjøpte eigedom i Jørpeland sentrum, og har vore både meklar- og bankkontor frå september 2014. Banken har 4 rådgjevarar på bankkontoret i Strand i kvardagen.

Kundane gir tilbakemelding at dei føretrekkjer, og er meir tilfreds med ein bank som er til stades i lokalmiljøet.

Banken har deltatt med eigen stand på marknadsdagar som Strandadagane i Strand, Ryfylkedagane på Sand, Tomatfestivalen på Finnøy og Frukt og Laks Festivalen på Hjelmeland. I samband med at banken er sponsor for mange ulike aktivitetar innan idrett, har me vore på ulike arrangement i løpet av året. I tillegg har me vore ute i lokalmiljøet og gitt midlar frå gåvefondet ved tilstellingar til det enkelte lag/mottakar. Dette har blitt positivt mottatt.

Skadeforsikring.

Banken hadde eit bruttosal på 3,2 mill. Porteføljen har auka med 0,4 mill. kroner, og ved utgangen av året var total portefølje på 14,8 mill. kroner. Dette har gitt banken provisjonsinntekter på 2,4 mill. kroner.

Eika Forsikring AS er Norge sitt femte største forsikringsselskap som leverer eit bredt spekter av skade- og personforsikringsprodukt som blir selde i vår bank.

Som tala viser så merkar me godt at det er enkelt å skifta forsikringsselskap og at priskonkurransen er stor. Skadeforsikring er eit produkt med stort potensiale for banken, og me jobbar heile tida mot å få fleire kundar til å sjå fordelene med å ha forsikringane hjå sin lokale sparebank.

Personforsikring

I samarbeid med Eika forsikring AS sel me også livsforsikringsprodukt som dekker død, uførhet og kritisk sjukdom. Me tilbyr også Barneforsikring. Livprodukt er eit naturleg og svært viktig produkt som rådgjevarane tilbyr kundane i samband med opptak av lån.

Provisjonsinntektene var i 2019 0,6 mill. kroner. Porteføljen vår auka med 0,3 mill. kroner og er ved utgangen av året på 4,1 mill. kroner

Pensjon

Banken tilbyr sal av obligatorisk tenestepensjon, som alle bedrifter er pålagt å ha for sine tilsette. Dette er med på å knyta bedriftene tettare til banken.

Kort

Eika Kredittdbank leverer banken komplette produkt for debet- og kredittkort. Provisjonen frå kort utgjør ein viktig del av inntekta til banken.

Leasing

Saman med De Lage Landen Finans tilbyr me også leasing og lån med salspant. For næringslivet er leasing eit godt alternativ til ordinære avdragslån.

Bustadfinansiering

Produktselskapet Eika Boligkreditt (EBK) er bustadkredittverksemda til Eika Gruppen AS. EBK gjer det mogleg for bankane å tilby langsiktig og konkurransedyktig bustadfinansiering.

Hjelmeland Sparebank har sidan 2011 nytta seg av EBK. EBK er eit godt produkt for banken då det gjer at banken kan ha eit konkurransedyktig tilbod i ein marknad med sterk fokus på renta.

Totalt har banken plassert lån for 589 mill. kroner i EBK.

Eigedomsmekling

Banken etablerte i 2008 rådgjevingskontor på Jørpeland saman med vår eigedomsmeklar Ryfylke Eiendomsmegling AS. Ryfylke Eiendomsmegling AS inngår som ein del av konsernet Hjelmeland Sparebank der banken eig 70% av selskapet.

Ryfylke Eiendomsmegling AS har bygd opp eit godt rykte, og står i dag fram som den fremste meklaren i Ryfylke. I 2013 gjekk dei inn i samarbeid med Aktiv og brukar det namnet i marknadsføring.

Resultatrekneskap

Føresetnad om vidare drift

Rekneskapen er gjort opp under føresetnad om at drifta av banken skal halda fram og styret stadfestar at slik føresetnad er til stades.

Driftsresultat før skatt syner eit overskot på 27,8 mill. kroner (konsern 28,5 mill. kroner). Noko lågare enn for 2018.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Hjelmeland Sparebank hadde i 2019 netto rente- og kredittprovisjons- inntekter på 44,0 mill. kroner (44,0) I høve til GFK er det 1,43 %, ein reduksjon på 0,03 prosentpoeng.

Det er i år betalt avgift til Bankenes Sikringsfond på 1,0 mill. kroner og det utgjør 0,03 % av GFK.

Andre driftsinntekter

Netto andre driftsinntekter er 17,0 mill. kroner (17,4) og i høve til GFK er det 0,55 % (0,58). Provisjon- og gebyrinntekter er redusert med 1,6 mill. kroner. Det har vore ein nedgang i formidling av lån til Eika Boligkreditt, som har ført til lågare provisjonsinntekt. Netto vinst på verdipapir og valuta er 0,4 mill. kroner. Eika Kapitalforvaltning har banken sitt mandat som forvaltar av obligasjonane.

Det er betalt utbytte frå Eika Gruppen på 4,6 mill. kroner og Eika Boligkreditt på 0,3 mill. kroner. Omsetning av valuta er ikkje vesentleg.

Driftskostnader

Driftskostnadane er på 33,5 mill. kroner (31,9), i høve til GFK utgjer det 1,09 % (1,05). Av dette utgjer kostnader til lønn 0,57 % (0,55). Sum lønn og administrasjonskostnader utgjer 28,3 mill. kroner (26,9).

Endring i avskrivning og andre driftskostnader er uvesentlege. Kostnadsprosenten er 55,2 % mot 52,3 % i 2018.

Tap og nedskrivningar

Lån og garantiar er gjennomgått og vurdert i samsvar med «Forskrift om regnskapsmessig behandling av utlån og garantiar»

Netto tap på utlån og garantiar utgjer eit tap på 0,3 mill. kroner. Det er rekneskapsført inngått på tap utlån og garantiar med i alt 1,0 mill. kroner, konstatert tap 0,05 mill. kroner og ein reduksjon i individuelle nedskrivningar 0,7 mill. kroner.

Nedskrivning på grupper er vurdert etter banken sine retningslinjer og berekningsmodell, og redusert med 0,7 mill. kroner. Viser til note 2.

Skatt

Skattekostnaden er berekna til 6,0 mill. kroner (konsern 6,0 mill. kroner). Viser til note 15.

Disponering

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 27,8 mill. kroner (konsern 28,5 mill. kroner).

Av overskotet etter skatt på 21,8 mill. kroner, blir 7,6 mill. kroner utbetalt til eigarane i utbyte og 4,9 mill. kroner blir overført til utjamningsfond.

Kjernekapitalen er tilført 14,1 mill. kroner fordelt slik:

Auke i bankens fond	8,2
Auke i utjamningsfondet	4,9
Auke i gåvefondet	1,0

Banken hadde ved utgangen av året ein eigardelkapital på 111,8 mill. kroner, fordelt på 1.117.700 stk pålydande kr 100,-. Av desse eig banken 8.222 stk.

Balanse

Forvaltningskapitalen

Hjelmeland Sparebank sin forvaltningskapital har i 2019 hatt ein auke på 170,7 mill. kroner (-164,5) tilsvarande 5,8% (-5,3). Per 31.12. forvalta sparebanken 3.094,7 mill. kroner.

Utvikling i utlån

Brutto utlån til kundar i eiga bok utgjer ved årsskiftet 2.708,5 mill. kroner (2.534,9). Dette er ein auke på 173,5 mill. kroner, tilsvarande 6,8 % (-0,3%). Bankens utlån gjennom Eika Boligkreditt (EBK) er 588,7 mill. kroner. Samla vekst inkludert EBK er 163,1 mill. kroner. Utlån til privatkundar utgjer 71,2 %, til landbruk 11,7 % og til andre næringsdrivande 17,1 %

Viser til note 2.

Utvikling i innskot.

Innskot frå kundar er 1924,5 mill. kroner (1.801,3), ein auke på 123,1 mill. kroner tilsvarande 6,8 %. Innskotsgarantiordninga dekkjer 67 % av totale innskot. Bankens har ved årsskiftet ei innskotsdekning på 71,1, som er litt lågare enn gjeldande strategi. Bankens har ei tilfredstillande spreiding av innskota og styret vurderer likviditetsrisikoen i innskotsportefølje som avgrensa.

Verdipapir

Hovudmålet med kjøp av obligasjonar er å støtta lovpålagte krav til likviditet. Banken si portefølje på 222,0 mill. kroner i obligasjonar blir nytta som likviditetsreserve og ikkje som handelsportefølje.

Obligasjonane har flytande rente og rentesatsen blir regulert i samsvar med endringane i 3 mnd. NIBOR- renta. Sjå note 6.

Banken sit nå med ein portefølje på anleggsaksjar på 54,3 mill. kroner og eit rentefond på 6,1 mill. kroner.

Eigenkapital/Kapitaldekning

Etter disponering av overskot er banken sin eigenkapital nå 328,1 mill. kroner (314,3). Eigenkapitalen består av sparebankfondet på 134,9 mill. kroner, gåvefond 7,3 mill. kroner og utjamningsfond 73,8 mill. kroner. I tillegg innskoten eigenkapital på 111,8 mill. kroner og overkursfond på 1,1 mill. kroner. Banken eig sjølv eigenkapitalbevis for 0,8 mill. kroner.

Kapitaldekninga ved utgangen av året er 22,96 % (21,24%). Styresmaktene sitt krav på minimum er 12,5 % inklusiv bufferkrav.

Kjernekapitaldekning er 21,07 % og rein kjernekapitaldekning er på 18,87 %.

Styret vurderer at banken er godt kapitalisert. Viser til note 3.

Rapportering av kapitaldekning ved konsolidering samarbeidande grupper blir vist i note 3.

Konsernet Hjelmeland Sparebank

Konsernet består av Hjelmeland Sparebank og Ryfylke Eiendomsmeistring AS, der banken har ein eigardel på 70%. Sjå note 18.

Risikostyring

Verksemda i Hjelmeland Sparebank skal vera innafor ramma låg til moderat risikoprofil. Styret meiner at den interne kontrollen er i samsvar med forskrift om risikostyring og internkontroll. Banken har etablert eigne strategiar for risiko, og det er konkrete mål for styring og rammer. Desse strategiane blir reviderte årleg saman med banken sin planprosess elles.

Med bakgrunn i Finanstilsynet sine føresegner om kontrollansvar og internkontroll i sparebankar, har styret etablert systematisk overvåkings- og rapporteringssystem på alle nivå for dei ulike hovudområda i banken.

Ansvarleg for dei ulike områda rapporterer kvartalsvis med ein utvida årleg rapport til dagleg leiar. På bakgrunn av innkomne rapportar og eiga vurdering gir banksjefen ei totalvurdering av internkontrollen til styret. Ekstern revisor får rapporten, og gir ein uttale til styret om at arbeidet er gjennomført og at rapporten er i samsvar med den faktiske stoda i organisasjonen.

Rapportane angir at kontrollen er på eit akseptabelt nivå.

Styret og banken har utarbeidd ICAAP-rapport og kartlagt kva kapital banken må ha i ulike framskrivingar med nedgang i økonomien, samt risikoområda og kva kapital me må ha i høve til dei.

Interne ressursar har i 2019 blitt nytta til rapportering og oppfølging.

Operasjonell risiko

Risiko for at tilsette, underleverandører, system, maskinar og bygg ikkje verkar i samsvar med føresetnaden og at banken som følgje av dette misser inntekter, forretningar eller blir påført kostnader.

For å avgrensa og overvaka den operasjonelle risikoen har banken m.a. gjort fylgjande:

Fysisk sikra bankbygg og teknisk utstyr.

Utarbeidd rutinar for ansvar og oppgåvedeling for kredittytting, plassering og pengehandtering.

Systematisk vidareutdanna dei tilsette for ved det å gjera dei betre kvalifisert for arbeidet.

Utarbeidd rutinar for rapportering til styret ved driftsavvik i høve til norm.

Etter styret si meining er den operasjonelle risikoen i banken middels.

Strategisk risiko

Risiko for tap av utlåns- og innskotsmidlar på grunn av feil pris eller dårleg service, risiko for tap av konkurransekraft ved feil kostnadsnivå og risiko for tap av omdømme ved feil profil i marknaden.

Banken har synt evne til raskt å tilpassa seg nye rammevilkår frå styresmaktene. Som liten institusjon med evne til å gjera raske vedtak for å tilpassa seg endra marknadshøve vurderer styret den strategiske risikoen som relativt liten.

Likviditetsrisiko

Risiko for at banken ikkje har nok likvider til å dekkja banken sine skyldnader ved forfall.

Banken har gjennom året hatt god likviditet.

Samsvaret mellom innskot frå kundar og utlån til kundar er ved utgangen av året på 71,1 %. Det er uendra frå førre år.

Det var i 2019 forfall 100 mill. kroner i KfS og to obligasjonslån på til saman 200 mill. kroner. Banken har ein unytta trekkrett i DNB på 125 mill. kroner.

Per 31.12.19 har banken eit LCR-nivå på 140.

Styret vurderer likviditetsrisikoen som låg til moderat.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko blir definert som risiko for tap i marknadsvardi knytt til portefølje av finansielle instrument som følgje av svingingar i aksjekursar, valutakursar, renter og råvareprisar.

Hjelmeland Sparebank si obligasjonsportefølje blir forvalta av Eika Kapitalforvaltning. Dei forvaltar etter eit mandat vedteke av styret i banken. Porteføljen er i dag papir som er langt mindre utsett for fall i verdi enn tidlegare år. Ein stor del er OMF.

Deler av banken si portefølje ligg i Norges Bank og er nytta som sikkerheit for lån banken kan ta opp der.

Banken har vald å ha ein låg risikotoleranse. Marknadsrisiko er ikkje eit kjerneområde for banken. Banken skal ikkje aktivt ta posisjoner og skal i hovudsak berre ha marknadsrisiko som følge av banken sin inn- og utlånsaktivitet og banken sitt behov for likviditetsforvaltning i renteberande verdipapir.

Samla vurdering av banken sin marknadsrisiko er vurdert som låg til moderat.

Renterisiko

Risiko for at renta på kundeinnskot og på lån frå andre finansieringskjelder endrar seg raskare enn det er råd å få endra på vilkåra for lån til kundar og til finansinstitusjonar.

Det har vore ein auke i innskot til fast rente. Per 31.12.19 er desse innskota 370 mill. kroner (391). Elles er det i banken innskot for 112 mill. kroner (44) kor renta er relatert til 3 mnd NIBOR. Tilsvarande utlån representerer 81 mill. kroner (89)

Ved renteendringar oppover medfører det at me har eit visst rentetap på grunn av at lovverket ikkje får regulert utlånsrenta like raskt som innskotsrenta, og motsett ved fall i renta.

Obligasjonane som banken eig har flytande rente med regulering kvart kvartal i høve til endring i 3 mnd. NIBOR. Det same gjeld for obligasjonslåna som sparebanken har tatt opp. Risikoen for rentetap som følgje av at sparebanken ikkje raskt nok kan tilpassa rentenivået i banken i høve til endringar i det generelle rentenivået i samfunnet er låg til moderat.

Valutarisiko

Risiko for tap ved at kursen mellom norske kroner og utanlandsk valuta skal endra seg i disfavour av den valutaposisjonen banken måtte ha.

Ved årsskiftet har Hjelmeland Sparebank ingen lån i utanlandsk valuta. Sparebanken har ei mindre beholdning av kontantar i valuta for å ivareta kundane sine behov for reisevaluta. Indirekte har banken også ein valutarisiko ved at det er garantert for lån i valuta som kundar har tatt opp. Låna utgjør 41,8 mill. kroner (45,2) kroner og er spreidde i fleire valutaslag, men i hovudsak CHF. Låna er sikra med pant. Ingen av engasjementa er vurdert som tapsutsette.

Garantiar kan blir fornya dersom kunden stiller tilstrekkeleg sikkerheit og likviditet til å dekkja disagio fortløpande.

Styret vurderer krava til å vera tilstrekkelege slik at banken har låg risiko knytt til slike garantiar.

Kursrisiko

Risiko for at omsetningsverdien på banken si verdipapirportefølje kan bli redusert i høve til bokført verdi og at det av dette oppstår bokføringsmessig tap for banken.

Obligasjonane banken eig er forvalta av Eika Kapitalforvaltning og per 31.12. er bokført til 222,0 mill. kroner (207,7). Styret har vedteke grenser for maksimal eksponering i selskap og sektor og dette blir rapportert til styret månadleg.

Banken sine anleggsaksjar er strategisk plassering i Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Samla sett er det styret si vurdering at kursrisikoen i banken er låg.

Kredittrisiko

Risiko for at ein kunde ikkje kan dekkja sine skyldnader ved forfall, t.d. ikkje betala attende eit lån på grunn av manglande betalingsevne eller vilje.

Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderingsprosessen i banken, og for alle vesentlege engasjement skal det etter banken sine rutinar føreligga ei risikoklassifisering. Det blir brukt ein standardisert modell som er felles for både privatmarknaden og næringslivmarknaden, men kriteria som ligg til grunn for klassifiseringa er vekta ulikt i dei to marknadene.

Låna er fordelte på mange små låntakarar i ulike bransjar. Dei største engasjementa blir regelmessig og minst kvart kvartal vurderte av administrasjonen, med minst årleg rapport til styret.

Risikoklassifisering av brutto utlån går fram av note 2.

Kredittrisiko og oppfølging av tapsutsette engasjement er av stor viktighet, og blir overvaka gjennom analysar, rapportering misleghald, restanse og overtrekk.

Styret får framlagt kvartalsvise kredittrapportar som syner risikoen banken har tatt på området sett mot dei rammer styret har satt i kredittpolicy. Rapporten er brukt gjennom fleire år og gir administrasjonen og styret viktig informasjon om banken si risikostyring på kredittområdet.

Finanstilsynet sine «Retningslinjer for forsvarlig utlånspraksis» er implementert i banken si kreditthandbok.

Oppfølging og kontroll med kredittrisikoen blir sett på som god, og styret vurderer den samla kredittrisikoen som moderat.

Personaltilhøve, miljø og tryggingstiltak

Det er ved utgangen av året 21 tilsette i banken som utgjør 19,7 årsverk i bankdrifta og 0,3 årsverk i reinhaldsfunksjon. Lån til tillitsvalde og tilsette går fram av note 12.

Fråvær

Fråværet syner slik utvikling:

2019	2018
2,11	3,03

Sjuefråværet har i året våre noko lågare enn 2018. Hjelmeland Sparebank er ei IA-verksemd.

Banken har kollektiv pensjons- og ulykkesforsikring gjennom forsikrings- selskap for sine tilsette.

Ytre miljø

Sparebanken driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljø ut over det som følgjer av vanleg bankdrift.

Arbeidsmiljø

Banken ser det som viktig med god trivsel og godt arbeidsmiljø.

Ulykke og skader

Det har ikkje vore ulykker eller skader av noko slag i 2019.

Samfunnsansvar

Hjelmeland Sparebank skal være ei viktig kjelde til vekst og trivsel i Ryfylke og vera det naturlege valet for tenester innan banken sitt virkeområde. Som leiande finansinstitusjon for målgruppene vil Hjelmeland Sparebank i samarbeid med andre, bidra til ei positiv utvikling i distriktet.

Me skal leggja stor vekt på at kundane er tilfredse med dei tenester dei mottar og skal føla seg velkomne i banken. Gjennom tilfredshet over tid skal me skapa gode relasjonar med kundane.

Drifta skal vera basert på strenge krav til etikk og forretningsmoral. Høvet til kundar og kollegaer skal vera basert på dei etiske grunnverdiar som gjeld for finansnæringa generelt og banken sine etiske retningslinjer. Banken skal ha ein organisasjonskultur prega av våre verdiar og kontinuerlig læring.

Hjelmeland Sparebank har i alle år bidrege til lokalsamfunnet og Ryfylke, som også er vårt nedslagsområde, både med sponsormidlar og frå gåvefond. I slutten av 2013 stod Røggjelstad Idrettsanlegg som er ein godkjent kunstgrasbane, som banken samla har gitt 3,0 mill. kroner til. Anlegget var stort sett ferdig i 2018, med unntak av uteområde som hadde oppstart i 2019 og er venta ferdig i 2020. Banken er sponsor for fleire av idrettslaga i fylket, i tillegg til Hjelmeland Teaterlag og enkeltutøvarar innan skiidrett, trail m.m. Banken har vore hovudsponsor for Frukt og Laks Festivalen sidan starten. Me har frå gåvefondet vårt gitt til mange av dei aktivitetane som ikkje naturleg ville fått av sponsormidlane våre. Det vere seg skyttarlag, fritidsklubber, fritid/turposter, korps, ungdomslag, bygderåd, bedehus, teaterlag og fleire.

Dei fleste ungdomane i Hjelmeland vel å flytta frå bygda når dei skal ta vidare utdanning. Hjelmeland Sparebank har tatt kontakt med skulen og tilbydd læremateriale og personlege ressursar, til å førebu dei unge til å handsama eigen økonomi.

Det er fleire kvinner enn menn tilsette banken. I leiargruppa på 3, er det ei kvinne. Blant rådgjevarane er det eit fleirtal kvinner. I banken sitt styre er 3 av 6 medlemmer kvinner. Me meiner det ikkje blir gjort skilnad på tilsette eller ved tilsettingar på grunn av kjønn, nasjonalt opphav, religion eller livssyn.

Hjelmeland Sparebank er oppteken av sitt samfunnsansvar og har innarbeida dette i overordna retningsliner under konkrete emne som etikk, helse, arbeidsmiljø og sikkerheit, ytre miljø, arbeid mot kvitvasking og økonomisk kriminalitet og me har årleg gjennomgang av rutinar og instruksar, samt etterleving lovverket rundt dette.

Banken har ingen forskings- og utviklingsaktivitet.

Eigartilhøve/organisasjon

Hjelmeland Sparebank er ein institusjon som er dels sjølv eigande og dels eigd av andre som eig eigenkapitalbevis, og er organisert i samsvar med sparebanklova, samt lov om finansieringsverksemd og finansinstitusjonar. Sjå note 25

Forstandarskapet

Det høgaste organet i banken er forstandarskapet som har 16 medlemmer:

6 blir valde av eigarane av eigenkapitalbevisa,

2 blir valde av kommunestyret,

4 blir valde av innskytarane, og

4 blir valde av og mellom dei tilsette.

Forstandarskapet fastset banken sine vedtekter, vedtek banken sitt rekneskap, vel banken sine representantar i styre og kontrollnemnd. Honorar til medlemmene i forstandarskapet går fram av note 12.

Leiar i forstandarskapet er Dagfinn Svadberg Hatløy

Styret

Forstandarskapet vel 6 medlemmer til styret, som saman med banksjefen er ansvarleg for drifta av sparebanken.

Styret har i året hatt 11 ordinære møte. I tillegg har det vore eit strategimøte, samt møte på telefon for avklaring av saker som ikkje kan venta til ordinært møte. På styremøta er det mellom anna gjennomgått periodiske rekneskap målt mot budsjett og fjoråret. Vidare går styret gjennom administrasjonen sine rapportar over utviklinga i banken, samt omsetning av verdipapir og større kredittsaker. Styret får òg rapportar som viser status på arbeidet med styret sine vedtak og kor banken ligg i høve til dei strategiske måla. Styret følgjer ein plan for revidering av styringsdokumenta i banken.

Honorar til styret går fram av note 12.

Leiar i styret er Lise Hansson

Revisjon

Til å kontrollera verksemda er sparebanken pliktig å ha revisor.

Meldinga frå revisor ligg ved årsmeldinga. Godtgjersla til revisjonen går fram av note 14.

Statsautorisert revisor Inge Soteland frå RSM har denne oppgåva i banken.

Utsiktene framover

Styret ser det som eit hovudmål å sikra ei langsiktig og stabil verdiauke av banken gjennom å utvikla vidare den verksemda me i dag driv. Dette skal skje innanfor dei rammer som går fram av finanslovgivinga, banken sine vedtekter og dei retningsliner forstandarskapet har gitt. Me skal yte fullgod service til kundane og sikra tilstrekkeleg vekst i storleik og tilbod for å møta og halda følge med utviklinga i banken sitt virkeområde. Banken skal sikra trygge og interessante arbeidsplassar og vera attraktiv for personar med realkompetanse i samsvar med stadig stigande kvalifikasjonskrav, og me skal ta godt vare på dei tilsette.

Styret forventar at 2020 skal bli eit godt år for banken. Den underliggjande drifta har utvikla seg godt. Det er ytterlegare potensiale ved fleksibel bruk av dei ulike ressursane me rår over i banken, for å løysa både eksisterande oppgåver på ein meir rasjonell måte og å kunna ta på oss nye oppgåver.

Banken skal over tid gi eigarane direkteavkastning på minimum 3% over snitt risikofri rente for tilsvarende periode.

Takk!

Styret vil retta ein spesielt stor takk til dei tilsette i banken for all innsats i 2019. Vidare vil styret takka kundane og eigarane for tilliten dei syner og for ein god oppslutnad om Hjelmeland Sparebank, som gjer det mogleg for oss å driva vidare som ein sjølvstendig og frittstående finansinstitusjon.

Me ønskjer at godt samarbeid og felles innsats skal gje positiv utvikling for banken og regionen i åra framover.

4130 Hjelmeland, den 31.desember 2019/13. februar 2020.

 Lise Hansson Styreleiar	 Geir Ole Terøy	 Tore Berntsen
 Berit T. Skiftun	 Liv Jorunn Tjelmeland	 Odd Magne Hetlied
 Søsanna Poulsen Banksjef		

RESULTATOPPSTILLING

<i>Tall i tusen kroner</i>		Morbank		Konsern	
	NOTE	2019	2018	2019	2018
Renter og lignande inntekter av utlån til og fordringer på kredittinstitusjonar		2.129	1.692	2.129	1.692
Renter og lignande inntekter av utlån til og fordringer på kunder		88.367	84.026	87.876	83.520
Renter og lignande inntekter av sertifikater og obligasjoner		4.280	3.128	4.280	3.128
Sum renteinntekter og lignande inntekter		94.777	88.846	94.286	88.340
Renter og lignande kostnader på gjeld til kredittinstitusjoner		4.124	4.813	4.124	4.813
Renter og lignande kostnader på innskou frå og gjeld til kundar		27.930	23.873	27.874	23.801
Renter og lignande kostnader på utstedte verdipapir		14.720	12.432	14.720	12.432
Renter og lignande kostnader på ansvarleg lånekapital	7	2.997	2.449	2.997	2.449
Andre rentekostnader og lignande kostnader	8	977	1.254	977	1.254
Sum rentekostnader og lignande kostnader		50.748	44.822	50.692	44.749
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		44.029	44.024	43.594	43.591
Inntekter av aksjar, andelar og verdipapir med variabel avkastning		5.163	3.923	5.163	3.923
Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		5.163	3.923	5.163	3.923
Garantiprovisjoner		1.307	1.414	1.307	1.414
Andre gebyr- og provisjonsinntekter		11.833	13.276	11.833	13.276
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå bankjenester	9	13.140	14.690	13.140	14.690
Andre gebyr og provisjonskostnader		1.988	1.911	1.988	1.911
Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	9	1.988	1.911	1.988	1.911
Netto verdiendring og vinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir		(96)	53	(96)	53
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjer og andre verdipapir med variabel avkastning		225	159	225	159
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle drivat		268	259	268	259
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløp	6	397	471	397	471
Driftsinntekter faste eigendommer		233	201	233	201
Andre driftsinntekter		27	36	9.791	4.742
Sum andre driftsinntekter		261	237	10.025	4.943
Netto andre driftsinntekter		16.972	17.410	26.736	22.116
Sum driftsinntekter		61.001	61.433	70.330	65.707
Lønn		13.496	13.054	17.992	16.490
Pensjoner	10	1.099	750	1.099	750
Sosiale kostnader		3.411	2.691	3.411	2.691
Administrasjonskostnader		10.418	10.428	10.418	10.428
Sum lønn og generelle administrasjonskostnader	11	28.425	26.923	32.920	30.359
Ordinære avskrivninger		305	305	600	601
Sum avskr. m.v. av varige driftsmidler og immaterielle eigendeler	13	305	305	600	601
Driftskostnader faste eigendommer		781	667	781	667
Andre driftskostnader		3.945	3.980	7.791	4.974
Sum andre driftskostnader	14	4.726	4.647	8.572	5.641
Sum driftskostnader		33.456	31.875	42.092	36.601
Tap på utlån		237	94	237	95
Tap på garantiar m.v.		(500)	-	(500)	-
Sum tap på utlån, garantiar m.v.	2	-263	94	-263	95
Vinst/tap		12	2.296	12	2.296
Sum nedskr./reversering av nedskrivning og vinst/tap på verdip. som er i	6	12	2.296	12	2.296
Resultat av ordinær drift før skatt		27.821	31.760	28.513	31.307
Skatt på ordinært resultat	15	6.034	6.731	6.034	6.731
Resultat for rekneskapsåret		21.786	25.029	22.480	24.577
Overført til/frå sparebankens fond		8.232	9.448	-	-
Avsatt til utbytte		7.611	8.705	-	-
Overført til/frå gåvefond		1.000	1.000	-	-
Overført til utjevningfond		4.943	5.877	-	-
Sum overføringer og disponeringer	22	21.786	25.029	-	-

EIGENDELER

Tall i tusen kroner

	Noter	Morbank		Konsern	
		2019	2018	2019	2018
Kontanter og fordringer på sentralbanker	16	68.701	68.900	68.701	68.900
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner uten avtalt løpetid eller oppseingsfrist		30.239	55.936	30.239	55.936
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner med avtalt løpetid eller oppseingsfrist		6.750	6.750	6.750	6.750
Sum netto utlån og fordringer på kredittinstitusjoner		36.989	62.686	36.989	62.686
Kasse- / drifts- og brukskredittar		121.373	125.411	110.670	114.530
Byggjelån		24.572	37.477	24.572	37.477
Nedbetalingslån		2.562.561	2.372.088	2.562.561	2.372.088
Sum utlån og fordringer på kundar, før nedskrivninger	2	2.708.507	2.534.976	2.697.804	2.524.095
Individuelle nedskrivninger på utlån	2	(7.931)	(10.686)	(7.931)	(10.686)
Nedskrivninger på grupper av utlån	2	(11.300)	(12.000)	(11.300)	(12.000)
Sum netto utlån og fordringer på kunder		2.689.276	2.512.290	2.678.573	2.501.409
Sertifikat og obligasjoner utsendt av det offentlege		46.071	34.094	46.071	34.094
Sertifikat og obligasjoner utsendt av andre		175.945	173.589	175.945	173.589
Sum sertifikat og obligasjoner	6	222.016	207.683	222.016	207.683
Aksjer, andeler og grunnfondsbevis		60.449	56.663	60.449	56.663
Sum aksjer, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	6	60.449	56.663	60.449	56.663
Eigarinteresser i andre konsernselskap		4.522	4.522	-	-
Sum eigarinteresser i konsernselskap	17, 18	4.522	4.522	-	-
Maskiner, inventar og transportmidler		-	-	54	34
Bygninger og andre faste eigendommer		5.968	6.274	16.891	17.467
Sum varige driftsmidler	13	5.968	6.274	16.945	17.501
Andre eigendeler		23	6	23	6
Sum andre eigendeler		23	6	23	6
Opptente ikkje mottatte inntekter		4.769	3.756	7.661	6.382
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader		1.965	1.168	2.040	1.223
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		1.965	1.168	2.040	-
Sum forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader og opptente ikkje mottatte inntekter		6.734	4.925	9.701	7.605
SUM EIGENDELER		3.094.678	2.923.948	3.093.395	2.922.452

GJELD OG EIGENKAPITAL

Tall i tusen kroner	Noter	Morbank		Konsern	
		2019	2018	2019	2018
Lån og innskot frå kredittinstitusjoner utan avtalt løpetid eller oppseingsfrist		7	7	7	7
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid eller oppseingsfrist		175.000	225.000	175.000	225.000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	19	175.007	225.007	175.007	225.007
Innskot frå og gjeld til kunder utan avtalt løpetid		1.096.309	1.021.931	1.096.757	1.023.248
Innskot frå og gjeld til kunder med avtalt løpetid		828.169	779.400	828.169	779.400
Sum Innskot frå og gjeld til kunder	19	1.924.478	1.801.331	1.924.926	1.802.648
Obligasjonsgjeld		577.854	505.103	577.854	505.103
Sum gjeld stiftet ved utsending av verdipapir	20	577.854	505.103	577.854	505.103
Anna gjeld		16.624	19.838	16.624	19.838
Sum anna gjeld	21	16.624	19.838	16.624	19.838
Påløpte kostnader og mottatte ikkje opptente inntekter		7.665	7.882	9.032	8.859
Utsett skattefordel	15	(2)	12	(2)	12
Individuelle avsetningar på garantiansvar	2	-	500	-	500
Andre avsetningar for påløpte kostnader og forpliktelser		(0)	(0)	-	-
Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktelser		-2	512	-2	512
Ansvarleg lånekapital		35.000	50.000	35.000	50.000
Anna ansvarleg lånekapital		30.000	-	30.000	-
Sum ansvarleg lånekapital	20	65.000	50.000	65.000	50.000
SUM GJELD		2.766.627	2.609.672	2.768.442	2.611.967
Eigenkapitalbevis		111.770	111.770	111.770	111.770
Overkursfond		1.125	1.125	1.125	1.125
Beholdning av egne aksjer/grunnfondsbevis		(822)	(1.022)	(822)	(1.022)
Sum innskutt eigenkapital	22	112.072	111.872	112.072	111.873
Sparebankens fond		134.900	126.668	131.376	122.659
Gåvefond		7.281	6.873	7.281	6.873
Utjevningsfond		73.797	68.864	73.797	68.864
Minoritetsinteresser		-	-	428	220
Sum opptjent eigenkapital	22	215.978	202.404	212.882	198.615
SUM EIGENKAPITAL		328.051	314.277	324.954	310.487
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		3.094.678	2.923.949	3.093.395	2.922.454
Poster utenom balansen					
Garantiansvar	23	69.148	78.963	69.148	78.963
Garantiar til Eika Boligkreditt	23	9.157	8.738	9.157	8.738
Forpliktingar		78.975	87.911	78.975	87.911

4130 Hjelmeland, den 31. desember 2019/13. februar 2020.


Lise Hansson
Styreleiar


Leif Ole Terøy


Tore Berntsen


Berit T. Skiftun


Liv Jorunn Tjelmeland


Odd Magne Hetlelid


Søsanna Poulsen
Banksjef



KONTANTSTRAUMOPPSTILLING – DIREKTE METODE

Tall i tusen kroner	Morbank		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar				
Endring utlån til kundar	(176.723)	7.818	(177.164)	7.562
Renteinnbetalinger på utlån til kundar	88.367	84.026	87.876	84.026
Endring innskot frå kundar	123.147	29.403	122.278	30.232
Renteutbetalinger på innskudd frå kunder	(28.906)	(25.127)	(27.874)	(25.127)
Endring gjeld til kredittinstitusjonar/innskudd kredittinstitusjoner med binding	1	7	1	7
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalinger på innskudd kredittinstitusjoner med binding	2.129	1.175	2.129	1.175
Endring sertifikat og obligasjonar	(14.333)	(13.955)	(14.333)	(13.955)
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjonar	4.280	3.128	4.280	3.128
Netto provisjonsinnbetalinger	11.151	12.779	11.151	12.779
Sum netto verdiendring og gev/tap på valuta og vp. som er omløpsmidlar	172	312	172	312
Omsetning kortsiktige investeringer i aksjar og fondsandeler	(493)	-	(493)	-
Utbetalinger til drift	(38.528)	(36.831)	(37.760)	(37.404)
Betalt skatt	(6.048)	(4.742)	(6.048)	(4.742)
Utbetalte gaver	-	-	-	-
A Netto likviditetsendring frå operasjonelle aktivitetar	-35.783	57.992	-35.784	57.992
Kontantstrøm frå investeringar				
Investering i varige driftsmidler	-	-	-	-
Innbetaling fra sal av varige driftsmidler	-	-	-	-
Langsiktige investeringer i aksjar	(4.149)	(6.059)	(4.149)	(6.059)
Innbetaling frå sal langsiktige investeringer i aksjar	573	-	573	-
Utbytte frå langsiktige investeringer i aksjar	5.163	3.923	5.163	3.923
B Netto likviditetsendring investering	1.587	-2.136	1.587	-2.136
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar				
Netto inn-/utbetaling ved utsending/forfall gjeld stifta ved utsending av verdipapir	72.752	(210.400)	72.752	(210.400)
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utsending av verdipapir	(14.720)	(12.432)	(14.720)	(12.432)
Netto inn-/utbetaling av lån frå kredittinstitusjonar	(50.000)	-	(50.000)	-
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	(4.124)	(4.297)	(4.124)	(4.297)
Netto inn-/utbetaling ved utsending/forfall ansvarlege lån	15.000	-	15.000	-
Renteutbetalinger på ansvarlege lån	(2.997)	(2.449)	(2.997)	(2.449)
Emisjon av egenkapitalbevis	-	-	-	-
Utbytte til egenkapitalbeviserne	(7.611)	(8.705)	(7.611)	(8.705)
C Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	8.299	-238.284	8.299	-238.284
A + B + C Netto endring likvider i perioda	-25.896	-182.428	-25.897	-182.428
